



**DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Stortingets finanskomite  
Stortinget  
Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Deres ref  
2025/287

Vår ref  
25/624-

Dato  
18. februar 2025

**Dokument 8:53 S (2024-2025) Representantforslag fra  
stortingsrepresentantene Olve Grotle, Helge Orten, Nikolai Astrup, Liv  
Eskeland, Mari Lønseth, Erlend Bøe, Sveinung Stensland om å avvikle  
normprisordninga ved fastsetting av grunnrenteskatt i havbruket**

Eg viser til brev frå Finanskomiteen 4. februar 2025 der det blir bede om mi vurdering av representantforslag 8:53 (2024–2025) frå stortingsrepresentantane Olve Grotle, Helge Orten, Nikolai Astrup, Liv Eskeland, Mari Lønseth, Erlend Bøe, Sveinung Stensland om å avvikle systemet med normprisar ved fastsetjing av grunnrenteinntekt i grunnrenteskatten på havbruk.

I Noreg er det ein lang tradisjon for at verdiar som blir skapte med våre felles naturressursar, kjem fellesskapet til gode. Havbruk er ei av dei mest lønsame næringane i Noreg, og løyve til å utnytte våre felles naturressursar har gitt opphav til nokre av dei største private formuane i Noreg. For å sikre fellesskapet og lokalsamfunna langs kysten ein større del av dei ekstraordinære verdiane som blir skapte i oppdrettsnæringa, innførte regjeringa grunnrenteskatt på havbruk med verknad frå 2023.

Grunnrenta i havbruk oppstår i sjøfasen i produksjonskjeda. Grunnrenteskatten skal berre skattleggje avkastinga frå aktiviteten i sjøen, og bruttoinntekta blir derfor sett til marknadsverdien på fisken idet den blir henta opp av merdane. Prisane skal svare til kva fisken kunne ha blitt omsett for mellom uavhengige partar i ein fri marknad. Dei fleste uavhengige sal skjer likevel seinare i verdikjeda, til dømes etter slakt og bearbeiding. Det kan derfor vere krevjande for den enkelte oppdrettar å berekne ein riktig pris på merdkanten.

Med ulike skattesatsar for alminneleg inntekt (22 pst.) og grunnrenteinntekt (22 pst. + 25 pst.) er det incentiv og risiko for tilpassingar som kan redusere grunnrenteinntekta, både på kostnads- og inntektssida. Frå 1. juli 2024 kan eit uavhengig prisråd for havbruk setje skatteavrekningsprisar (normprisar) til bruk ved skattefastsetjinga. Prisane skal svare til marknadsverdien på merdkanten, og er den same verdien som oppdrettarane sjølve må setje i fråvær av normprisar. Prisrådet set prisar på bakgrunn av opplysningar mottatt frå selskapa, og annan informasjon om marknadsforhold.

Med normprisar unngår ein at selskap set ein kunstig låg pris på fisken ved merdkanten, og på den måten reduserer grunnrenteskatten. Det er særleg dei store, integrerte selskapa som har høve til å flytte overskot frå ein del av konsernet til ein annan. Normprisar motverkar slik overskotsflytting. Derfor er normprisar hovudregelen i alle grunnrenteskattane. Petroleumsprisrådet set normprisar for olje, medan normprisane i grunnrenteskattane for vasskraft og landbasert vindkraft er spotmarknadsprisar på Nord Pool.

Kontroll av internprisar, dvs. prisar i transaksjonar mellom selskap innan same konsern, er ei svært krevjande oppgåve for både skattemyndigheitene og dei skattepliktige. Plikta til internprisingsdokumentasjon er vidtrekkande, i tillegg til at slike kontrollar ofte er tidkrevjande og inneber omfattande dialog. I den grad skattemyndigheitene er ueinige i selskapet si prising, kan dei fastsetje inntekta ved skjønn. Dersom den skattepliktige vil bestride skjønnsfastsetjinga, ventar krevjande rundar med klage og eventuelt domstolsbehandling.

Eg meiner at skatteavrekningsprisar sett av eit uavhengig prisråd er eit viktig verkemiddel for å sikre ein rett og rettferdig grunnrenteskatt. Det vil bidra til å redusere kontrollbehovet i Skatteetaten betydeleg. Når prisrådet kjem godt i gang, meiner eg det også vil vere ein fordel for selskapa, ved at det gjer skattefastsetjinga enklare og reduserer risikoen for langvarige tvistar og rettssaker.

For 2023 og fram til 1. juli 2024, som ei overgangsordning, sette selskapa prisen på fisken på merdkanten til bruk i skattefastsetjinga. Før jul sende prisrådet brev til oppdrettsselskapa med førebelse skatteavrekningsprisar på laks for tredje kvartal 2024. Dette er dei første prisane prisrådet set. Før rådet set endelege prisar, har selskapa uttalt seg i brev og i møter med prisrådet. Prisrådet kan unnlate å fastsetje skatteavrekningspris for enkelte sal, kvalitetar eller produksjonsområde når særlege omsyn tilseier det. Når prisrådet ikkje set normprisar, må dei grunnrenteskattepliktige sjølve setje marknadsverdien på merdkanten.

Det er ikkje uventa at næringa framleis er kritisk til grunnrenteskatten og prisrådet. Også oljeselskapa var kritiske til normprisar den første tida. Det er likevel no svært få klager på normprisane, trass i at det er snakk om svært store verdier. Eg meiner prisrådet for havbruk

no må få gjere oppgåva si, slik at vi sikrar at fellesskapet får ein rettferdig del av grunnrenta også frå havbruk.

Med helsing

Jens Stoltenberg